

Prosedyre for overgang fra barnehage til skule:

Dato/tidspunkt	Tiltak/samhandling	Ansvar	Dokument
September	Foreldremøte i barnehagen med førskulegruppa. Tema førskuleåret i BHG og overgangsarbeidet saman med skulane.	Barnehagen	Kva skal vi informere om – dok. i compilo - Dokumentet ikkje utarbeida – del av høyringa
September – oktober	Rektor på mottakarskule vert innkalla som fast medlem i ansvarsgruppa til barn som har dette. Barn med store og samansette behov, der skulen treng fysisk tilrettelegging, eller kompetanseheving i personalet, skal ein varsle skulen 2 år før skulestart. (dette gjeld alle utfordringsbilete både medisinske og pedagogiske)	Barnehagen	
Januar	Barn og foreldre får brev med invitasjon til innskriving i skulen. (hugs å legge ved innskrivingsskjema) Dersom skulen er i tvil om foreldre treng tolk på innskriving, ta kontakt og gjer avtale i forkant. Rektor gjer eventuelt ny avtale med foreldra dersom det viser seg behov for meir informasjon. (ein tek ikkje opp eventuelle vanskar barnet har ved innskriving)	Skulen	Innskrivings-Skjema Rutine for innleige av tolk. Ligg ved høyringa.
Januar	Statusmøte om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning med særleg fokus på barn som skal over i skulen	Barnehagen, skulen, PPT og Oppvekstkontoret	Statusmøteagenda Punkt til førebuing.
Februar	Rektorbesøk i barnehagane Tema: informasjon etter statusmøte i BHG der skulen må planlegge organisatorisk eller personalteknisk. - barn med vedtak om støttepedagog eller støtte til det ordinære. - barn med fleirspråkleg bakgrunn som ikkje har aldersadekvat norsk i høve TRAS - Gruppefokus på dei som skal over i same skule.	Styrar inviterer rektorarne frå skulane barna skal starte på	

Slutten av mars	Skulane varsler oppvekstkontoret om samla behov for tilrettelegging for barn med vedtak etter §5.1, §2.8 og støtte i det ordinære.	rektor	
Mai	Fagsamling barnehagelærarar, 1. klasse lærarar og PPT. Tema: samanhengen mellom rammeplanen og læreplanen i 1. klasse. Praksisforteljing frå BHG og skule. PTT kan bli invitert til å halde fagleg innlegg.	Avdelingsleiar grunnskule og PPT og Avdelingsleiar BHG	
Mai/juni	Førskuledag – felles i kommunen Skulane sender informasjon heim til alle barn. Skulane sender informasjon om møtetidspunkt og innhald til barnehagane.	Rektor ved kvar einskild skule	
Juni – før førskuledagen *	Overføringsmøte mellom barnehagelærarar og 1. klasselærar om kvart einskild barn som skal ta til i 1. klasse	Skulen avtaler med BHG	Overføring av informasjon frå barnehage til skule
September etter skulestart	Startforeldresamtale 2. skuleveke der foreldra fortel om barnet sitt og seg sjølve (15min pr barn)	Kontaktlærar ansvarleg for innkalling	Ingen førebuing frå skulen, berre lytte ut foreldra sin informasjon.
1. november etter skulestart	Frist for utarbeidning av IOP for 1. klassingar med vedtak om spesialundervisning	Rektor og kontaktlærar	IOP sikkerarbeidsflyt

*(før skulestart i august dersom 1. klasselærar ikkje er på plass i juni)